



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal	Arkivkode: FA-S11, TI-&13
Arkivsaksnr: 14/305	Løpenr: 14/3036
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Naturutvalet	17.06.2014	040/14	RLØ
Kommunestyret	18.06.2014	039/14	RLØ

SANDELVA KRAFTVERK - UTTALE TIL SMÅKRAFTPAKKE SAMNANGER, FUSA, KVAM**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Tilråding i saka vert lagt fram i møtet.

17.06.2014 NATURUTVALET**Handsaming i møtet:**

I møtet vart det levert ut eit notat som viste til konsekvensar for vassforsyninga. Rådmannen ga ikkje tilråding i saka men peika på at konsekvensane for vassforsyninga burde kommenterast i kommunen sin uttale.

Øyvind Strømmen (BI) sette fram slikt framlegg:

Samnanger kommune stiller seg kritisk til det omsøkte Sandelva kraftverk. Kommunen understrekar følgjande moment:

- Rolvsvåg vassverk har i dag Sandelva som vasskjelde. Retten til uttak av drikkevatt skal oppretthaldast for framtida, og må prioriterast framfor andre eventuelle uttak frå elva. Kommunen si planlagde utbygging av industriområde i tillegg til eksisterande forbrukarar av drikkevatt vil vera avhengig av sikker vassforsyning.
- I konsesjonssøknaden heiter det at eksisterande vassverk skal fasast ut i løpet av 2014. Dette er feil. Årsak til flytting av inntak er regulering av industriområde, og at inntak må flyttast oppstrøms frå dette.
- Kvaliteten på vatnet er i konsesjonssøknaden skildra som dårleg. Dette er ikkje riktig.

- Verknadene av tiltaket for grunnvatn er særskildre handsama, og vert skildra som uvesentlege. I pkt 3.3. i konsesjonssøknaden er det omtalt tre fjellbrunnar, men den store grunnvassførekomsten i lausmassar langs Sandelva sin nedre del er ikkje nemnt. Heller ikkje dei store grunnvasskjeldene sør for Sandelva er kommentert. Asplan Viak har på oppdrag frå kommunen kartlagt ein betydeleg grunnvassførekomst i lausmassar, og det er etablert to rørbrunnar for ny vasskjelde til Rolvsvåg vassverk.
- Ein reduksjon av vassføringa ned mot 10 l/s vil få store konsekvensar for grunnvassførekomsten og dei etablerte lausmassebrunnane. Redusert vassføring vil gje redusert nydanning av grunnvatn og vil redusert brunnkapasitet.
- Ei eventuell utbygging vil gje vesentleg fåre for ureining i Sandelva, noko som også kan gje dårlegare grunnvasskvalitet.
- Vassverket har også eit elveinntak som vil vera sårbart ved utbygging, særleg når det gjeld vasskvalitet.
- Utbygginga vil gje eit tap av INON-sone 2 på 0,68 km².
- Turstien som går langs elva er ein gamal by- og driftsveg frå Våga. Den er i dag merka som tursti med internasjonal merking. I kommunen sin kommunedelplan for kulturminne (2012-2020) heiter det: "Den gamle vegen har gjennom mange hundre år vore viktig for samningane, og såleis er han i dag eit viktig kulturminne".

Om det likevel skulle verta gjeve konsesjon til Sandelva kraftverk må følgjande tiltak gjerast:

1. Den naturlege grunnvasstanden i brunnområde må oppretthaldast, ved m.a. å auka minstevassføring og at det vert bygd. tersklar i elveløpet forbi brunnane. Dette opprettheld ein høg elvevasstand og dermed ei viss mengd infiltrasjon til grunnvassmagasinet. Vassnivået i kulpen oppstraums må oppretthaldast.
2. Tiltak for å hindra ureining ved utbygging; a. restriksjonar på behandling av drivstoff, olje osv. b. tiltak for å redusera slaminnhald i elva.

Samnanger kommune føreset at tiltak som skildra her vert planlagt i samråd med vassverkeigar, og at det er utarbeida ei endeleg avtale om tiltak før iverksetjing.

Anja Marken (BI) sette fram framlegg om fylgjande tillegg til Strømmen sitt framlegg:

Dersom prosjektet får konsesjon, må det gjerast avbøtande tiltak som fremjar god og rask revegetering av anleggsvegen, og krav om ein inntaksdam som føyer seg godt inn i landskapet. Det er planen at anleggsvegen etter anleggsperioden skal gjerast smalare og berre brukast til ATV-køyring ved tilsyn av inntaket. Dette må bli eit krav i ein eventuell konsesjon.

Utvalet røysta samrøystes for framlegget frå Strømmen. Tillegget frå Marken vart vedteke mot 1 røyst (Tveiterås (Ap)).

NAT-040/14 VEDTAK:

Samnanger kommune stiller seg kritisk til det omsøkte Sandelva kraftverk. Kommunen understrekar følgjande moment:

- Rolvsvåg vassverk har i dag Sandelva som vasskjelde. Retten til uttak av drikkevatt skal oppretthaldast for framtida, og må prioriterast framfor andre eventuelle uttak frå elva. Kommunen si planlagde utbygging av industriområde i tillegg til eksisterande forbrukarar av drikkevatt vil vera avhengig av sikker vassforsyning.
- I konsesjonssøknaden heiter det at eksisterande vassverk skal fasast ut i løpet av 2014. Dette er feil. Årsak til flytting av inntak er regulering av industriområde, og at inntak må flyttast oppstraums frå dette.
- Kvaliteten på vatnet er i konsesjonssøknaden skildra som dårleg. Dette er ikkje riktig.
- Verknadene av tiltaket for grunnvatn er særskildre handsama, og vert skildra som uvesentlege. I

pkt 3.3. i konsesjonssøknaden er det omtalt tre fjellbrønner, men den store grunnvassførekosten i lausmassar langs Sandelva sin nedre del er ikkje nemnt. Heller ikkje dei store grunnvasskjeldene sør for Sandelva er kommentert. Asplan Viak har på oppdrag frå kommunen kartlagt ein betydeleg grunnvassførekost i lausmassar, og det er etablert to rørbrunnar for ny vasskjelde til Rolvsvåg vassverk.

- Ein reduksjon av vassføringa ned mot 10 l/s vil få store konsekvensar for grunnvassførekosten og dei etablerte lausmassebrunnane. Redusert vassføring vil gje redusert nydanning av grunnvatn og vil redusert brunnkapasitet.

- Ei eventuell utbygging vil gje vesentleg fåre for ureining i Sandelva, noko som også kan gje dårlegare grunnvasskvalitet.

- Vassverket har også eit elveinntak som vil vera sårbart ved utbygging, særleg når det gjeld vasskvalitet.

- Utbygginga vil gje eit tap av INON-sone 2 på 0,68 km².

- Turstien som går langs elva er ein gamal by- og driftsveg frå Våga. Den er i dag merka som tursti med internasjonal merking. I kommunen sin kommunedelplan for kulturminne (2012-2020) heiter det: "Den gamle vegen har gjennom mange hundre år vore viktig for samningane, og såleis er han i dag eit viktig kulturminne".

Om det likevel skulle verta gjeve konsesjon til Sandelva kraftverk må følgjande tiltak gjerast:

1. Den naturlege grunnvasstanden i brunnområde må oppretthaldast, ved m.a. å auka minstevassføring og at det vert bygd. tersklar i elveløpet forbi brunnane. Dette opprettheld ein høg elvevasstand og dermed ei viss mengd infiltrasjon til grunnvassmagasinet. Vassnivået i kulpen oppstraums må oppretthaldast.

2. Tiltak for å hindra ureining ved utbygging; a. restriksjonar på behandling av drivstoff, olje osv. b. tiltak for å redusera slaminnhald i elva.

Samnanger kommune føreset at tiltak som skildra her vert planlagt i samråd med vassverkeigar, og at det er utarbeida ei endeleg avtale om tiltak før iverksetjing.

Dersom prosjektet får konsesjon, må det gjerast avbøtande tiltak som fremjar god og rask revegetering av anleggsvegen, og krav om ein inntaksdam som føyer seg godt inn i landskapet. Det er planen at anleggsvegen etter anleggsperioden skal gjerast smalare og berre brukast til ATV-køyring ved tilsyn av inntaket. Dette må bli eit krav i ein eventuell konsesjon.

18.06.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Svein Røseth bad om å få gildskapen sin vurdert. Han gjekk frå medan kommunestyret vurdert gildskapen hans. Han vart samrøystes funnen ugild.

Tilrådinga frå naturutvalet vart samrøystes vedteke.

Svein Røseth tok plass att i kommunestyret etter avrøystinga i sak 039.

KS-039/14 VEDTAK:

Samnanger kommune stiller seg kritisk til det omsøkte Sandelva kraftverk. Kommunen understrekar følgjande moment:

- Rolvsvåg vassverk har i dag Sandelva som vasskjelde. Retten til uttak av drikkevatt skal oppretthaldast for framtida, og må prioriterast framfor andre eventuelle uttak frå elva. Kommunen si planlagde utbygging av industriområde i tillegg til eksisterande forbrukarar av drikkevatt vil vera avhengig av sikker vassforsyning.
- I konsesjonssøknaden heiter det at eksisterande vassverk skal fasast ut i løpet av 2014. Dette er feil. Årsak til flytting av inntak er regulering av industriområde, og at inntak må flyttast oppstrøms frå dette.
- Kvaliteten på vatnet er i konsesjonssøknaden skildra som dårleg. Dette er ikkje riktig.
- Verknadene av tiltaket for grunnvatt er særst dårleg handsama, og vert skildra som uvesentlege. I pkt 3.3. i konsesjonssøknaden er det omtalt tre fjellbrunnar, men den store grunnvassførekomsten i lausmassar langs Sandelva sin nedre del er ikkje nemnt. Heller ikkje dei store grunnvasskjeldene sør for Sandelva er kommentert. Asplan Viak har på oppdrag frå kommunen kartlagt ein betydeleg grunnvassførekomst i lausmassar, og det er etablert to rørbrunnar for ny vasskjelde til Rolvsvåg vassverk.
- Ein reduksjon av vassføringa ned mot 10 l/s vil få store konsekvensar for grunnvassførekomsten og dei etablerte lausmassebrunnane. Redusert vassføring vil gje redusert nydanning av grunnvatt og vil redusert brunnkapasitet.
- Ei eventuell utbygging vil gje vesentleg fåre for ureining i Sandelva, noko som også kan gje dårlegare grunnvasskvalitet.
- Vassverket har også eit elveinntak som vil vera sårbart ved utbygging, særleg når det gjeld vasskvalitet.
- Utbygginga vil gje eit tap av INON-sone 2 på 0,68 km².
- Turstien som går langs elva er ein gamal by- og driftsveg frå Våga. Den er i dag merka som tursti med internasjonal merking. I kommunen sin kommunedelplan for kulturminne (2012-2020) heiter det: "Den gamle vegen har gjennom mange hundre år vore viktig for samningane, og såleis er han i dag eit viktig kulturminne".

Om det likevel skulle verta gjeve konsesjon til Sandelva kraftverk må følgjande tiltak gjerast:

1. Den naturlege grunnvasstanden i brunnområde må oppretthaldast, ved m.a. å auka minstevassføring og at det vert bygd. tersklar i elveløpet forbi brunnane. Dette opprettheld ein høg elvevasstand og dermed ei viss mengd infiltrasjon til grunnvassmagasinet. Vassnivået i kulpen oppstrøms må oppretthaldast.
2. Tiltak for å hindra ureining ved utbygging; a. restriksjonar på behandling av drivstoff, olje osv. b. tiltak for å redusera slaminnhald i elva.

Samnanger kommune føreset at tiltak som skildra her vert planlagt i samråd med vassverkeigar, og at det er utarbeida ei endeleg avtale om tiltak før iverksetjing.

Dersom prosjektet får konsesjon, må det gjerast avbøtande tiltak som fremjar god og rask revegetering av anleggsvegen, og krav om ein inntaksdam som føyer seg godt inn i landskapet. Det er planen at anleggsvegen etter anleggsperioden skal gjerast smalare og berre brukast til ATV-køyring ved tilsyn av inntaket. Dette må bli eit krav i ein eventuell konsesjon.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Blåfall AS sin konsesjonssøknad kan lastast ned her:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=7006&type=11>

Kva saka gjeld:

NVE har motteke søknadar om løyve til å byggja 12 småkraftverk i Kvam, Fusa og Samnanger. Søknadane skal handsamast samstundes, og samla belastning for regionen skal vurderast. NVE ynskjer at høyringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakene samla dersom det er aktuelt. Det er tre av dei omsøkte prosjekta som ligg i Samnanger:

- Jarlshaug kraftverk (Jarlshaug Kraft AS)
- Sandelva kraftverk (Blåfall AS)
- Dukebotn kraftverk (BKK produksjon AS)

Denne saka gjeld Sandelva kraftverk, der kommunen også er ein av grunneigarane (ein mindre del). NVE si korte oppsummering av prosjektet:

«Sandelva kraftverk vil utnytte et fall på 317 meter i Sandelva, fra vanninntaket på 325 moh. til kraftstasjonen på 8 moh. Vannveien er planlagt på elvens vestsida som nedgravd rørgate med en total lengde på 2800 meter. Det er planlagt ny vei fra omtrent kote 180 moh. som følger rørgatetraseen opp til vanninntaket i tilknytning til kraftverksutbygningen samt en 100 meter lang adkomstvei til kraftstasjonen. Middelvannføringen er 590 l/s og kraftverket er planlagt med en maksimal slukeevne på 1600 l/s. Utbyggingen vil føre til en redusert vannføring på 3200 meter av elvas strekning. Slipp av minstevannføring er planlagt til 10 l/s hele året. Kraftverket vil ha en installert effekt på 3,7 MW, noe som vil gi en årlig produksjon på 9,3 GWh.»

Søkjar Blåfall AS har oppsummert prosjektet slik:

Sandelva kraftverk er planlagt i Samnanger kommune i Hordaland fylke. Installert effekt forutsettes å bli 3,7 MW og kraftverket vil produsere 9,3 GWh i et normalår. Med et energiforbruk på 20 000 kWh per husstand, vil dette tilsvare forbruket til 465 husstander. Utbyggingskostnaden er stipulert til 4,00 kr/kWh.

Dammen etableres med HRV på kote 325 og kraftstasjonen planlegges på kote 8, ca. 200 m før Sandelvas utløp i Samnangerfjorden. Dette gir en brutto fallhøyde på 317 meter. Vannveien planlegges nedgravd i sin helhet. Lengden på rørgaten blir ca. 2800 meter og diameter på rørene blir 850 mm. Kraftstasjonen blir plassert ca. 80 meter øst for fylkesvei 137.

Middelvannføringen til Sandelva kraftverk er beregnet til 590 l/s. Det er planlagt slipp av minstevannføring på 10 l/s hele året. I flomperioder vil store deler av vannføringen slippes fra inntaket som overløp og den visuelle innvirkningen av utbyggingen vil dermed være begrenset når det er høy vannføring. Det er ikke aktuelt med magasinerings av vann eller overføringer fra andre vassdrag.

Influensområdet er til dels preget av tekniske inngrep, særlig nedre del. Det foreslåtte tiltaket vil føre til et tap av INON-sone 2 på 0,68 km².

Sammenstilling av tiltakets konsekvenser for ulike temaer:

Brukerinteresser/friluftsliv	Liten/middels negativ konsekvens
Rødlistearter	Ubetydelig konsekvens
Landskap	Liten/middels negativ konsekvens
INON-områder	Liten negativ konsekvens
Kulturminner	Ubetydelig konsekvens
Reindrift	Ubetydelig konsekvens
Jord- og skogressurser	Jordbruk: Liten negativ konsekvens Skogbruk: Liten positiv konsekvens


Vurderingar og konsekvensar:

Ei utbygging fører med seg produksjon av meir fornybar energi, noko det er eit mål for Samnanger å leggja til rette for. Produksjonen vil gje om lag 9,3 GWh årleg, det tilsvarar årsforbruket til om lag 465 husstandar.

Det er ikkje funne naturmangfaldsverdiar av nemneverdig karakter i området. Det vil bli utført fiskeundersøkingar i løpet av våren/sommaren 2014. Dersom det viser seg at den anadrome delen av elva er gyte- og oppvekstområde for sjøaure eller laks, vil det bli vurdert å installera ein omløpsventil for å sikra vassdekking ved ein eventuell plutseleg stans i kraftstasjonen.

Dagens vassføring i elva er prega av store nedbørsmengder og lite nedslagsfelt med høg respons. Det vil sei at det i nedbørsperiodar er høg vassføring i elva, som minkar raskt. I tørre periodar er det svært låg vassføring i elva. I kraftige nedbørsperiodar vil mykje av vatnet renna over og forbi inntaket. Alminneleg lågvassføring er berekna til 9 l/s, og 5-persentilar for sommar og vinter er berekna til høvesvis 3,8 l/s og 8,2 l/s for tilsig til inntaket. Ei minstevassføring på 10 l/s vil, saman med middelvassføringa på 390 l/s frå restfeltet mellom inntak og kraftstasjon, gje ei akseptabel vassføring i elva. Fisk og andre organismar i elva vil fint kunna leva med dette, medan det visuelle inntrykket i periodar vil bli dårlegare enn dagens situasjon.

Prosjektet fører med seg eit bortfall av 680 daa INON-område ([inngrepsfrie naturområde](#)) sone 2, som er område som ligg 1 – 3 km frå tyngre tekniske inngrep. På våre kantar er det lite «sone 1» (3 – 5 km) og «villmarksprega område» (meir enn 5 km) att, medan det er flekkar med sone 2 i dei fleste fjellområda. Søkjar har sett verdien av INON-området til ”middels”, omfanget av tiltaket er sett til ”lite negativt omfang”, og summen av desse er sett til ”liten negativ konsekvens”. Me meiner summen burde setjast til ”liten/middels negativ konsekvens”, då bortfallet er såpass stort, og det er i den ”tjukke enden” av eit område som strekkjer seg smalt langs fjelltoppane. Sjå kart over INON i Samnanger nedanfor, med markering av det aktuelle området. Dersom prosjektet får konsesjon, må det gjerast avbøtande tiltak som fremjar god og rask revegetering av anleggsvegen, og krav om ein inntaksdam som føyer seg godt inn i landskapet. Det er planen at anleggsvegen etter anleggsperioden skal gjerast smalare og berre brukast til ATV-køyring ved tilsyn av inntaket. Dette må bli eit krav i ein eventuell konsesjon.



Turstien som går langs med elva er ein gamal by- og driftsveg frå Våga. I Brekkedalen treff den by- og driftvegen frå Trengereid og til Bergen. Denne vart seinare militærveg til Os. Den planlagt rørgata vil i følgje kartet krysse eller gå i same trase som den gamle vegen. I kommunedelplan for kulturminne 2012-2020 (s.22) er vegen omtala med:

” Driftsvegen frå Våga til Bergen er i dag merka som tursti med internasjonal merking og er godt kjend i Samnanger. På 80-talet vart dei fyrste metrane lagd om til grusveg i samband med ei militærøving. Den gamle by- og driftsvegen har gjennom mange hundre år vore viktig for samningane, og såleis er han i dag eit viktig kulturminne for Samnanger.

I elva langs vegen er det planlagt ei kraftverk. ”

I søknaden er ikkje dette kulturminne nemnt. Søkjar har heller ikkje omtalt konsekvensane som bygginga av rørgata vil ha for kulturminne.

Som friluftslivsområde er området mykje nytta. Den gamle by- og driftsvegen er ein av 15 turstiar som vart merka med internasjonal merking med tilskot frå Vestlandsprosjektet. Me har forplikta oss til å vedlikehalda stien i 10 år frå 2011.

Dei inngrepa som vert gjort vil opplevast som negativt på dei som nyttar området. Alle faste varige inngrep i naturen vil forstyrre naturopplevinga.

Kommunen sitt drikkevatt i Rolvsvåg kjem frå eit inntak i Sandelva. I samband med utviding av industriområdet må dette inntaket flyttast, og løysinga me har gått for er å bora etter grunnvatt i lausmassar i det same området. Teknisk eining skal tysdag 17. juni vurderer, saman med Asplan Viak, konsekvensane av redusert vassføring i elva. Eventuelle negative konsekvensar for grunnvassbrønnane vil bli lagt fram i møtet.

Samla belastning: Kommunen har under utarbeiding ein kommunedelplan for små vasskraftverk som skal seia noko om kor stor utbygging me totalt sett ynskjer i kommunen, i lys av kva andre verdiar me har og korleis dei blir råka av vasskraftutbygging. Dei tre kraftverka ligg langt i frå kvarandre, i ulike delar av kommunen, og i veldig ulike landskap. Me kan ikkje sjå at den samla belastninga av desse tre kraftverka blir for stor.